



Langfonndalen har overgang til *Tverrdalen* og ei flott rute til *Store Smørskredtind*. Sjå rute 4.34 B. Start ved brua nær bommen aust for Skylstad. Stien er tydeleg først eit stykke opp på ryggen vest for elva.

4.31 Øye - Slogen

Ingen fjell på Sunnmøre er skildra i vakrere ordelag. Ta ein tur og sjekk om tinden er verd alle superlativa. Over 5000 vitjar Slogen på ein god sommar, så det er trangt på toppen dei finaste dagane. Denne ruta vert også kalla *Slogråsa*, og er den vanlegaste og finaste dagsturruta til Slogen. Den er jamt bratt, med god sti rett opp ein lang rygg. Nedturen kjennest på knea.

Barn frå 8-10 år kan meistre oppgangen, men med bratt stigning frå **60-1564 m** vert ruta **tung**. **4-5 t** opp, vel **3 km**. Litt **klyving** på toppen, men tausekring er unødvendig.

Over: Utsikt frå Konehornet.

Kvelvingsbrua sto i hundre år, og tålte til og med steinblokka som kom med eit ras. Men i 2010 tok ein flaum heile byggverket.

Ein parkeringsplass ved rv 655 og startpunktet er skilta ein km aust for Hotel Union på Øye. Følg turskilt forbi eit hus og opp til høgre for eit loddrett svaberg. Det er jamn stigning til eit slakkare parti like oppom skoggrensa. I skaret på 1200 m møter du rute 4.33 frå Patchellhytta. Her er god plass til å strekke på beina før neste bratte kneik. Den fører vestover langs ryggen i litt laust underlag til ein liten fortopp. Siste 100 m vert gradvis brattare, men klyvinga opp til varden er ikkje vanskeleg eller luftig.

På toppen er det plass nok til å strekke ut liggeunderlag og sovepose for 2-3 personar. Solnedgang kan sette ein spiss også på denne vakre utsiktsplassen.



4.32 Skylstad - Patchellhytta

Ruta vert kalla *Skylstadbrekka*, og er den kortaste, men også brattaste oppgangen til *Patchellhytta*. Med full sekk kan vi gradere vanskegraden til **middels tung**. Du kan trenge **2-3 t** på **3-4 km**, høgdeskilnad **75-818 m**.

Eit par km frå Hotel Union er det skilta til Pat-

chellhytta frå rv 655 på Skylstad. Du går over *Svidebrua*, ei fin steinhellebru, og til høgre. Stien krikar og krokar seg oppover mellom elvane. Over skoggrensa flatar det gradvis ut med jamnare terreng mot Patchellhytta.

Ein flott rundtur via toppen på Slogen får du ved å gå opp *Slogråsa*, rute 4.31, og ned via rute 4.33 til Patchellhytta, og ned *Skylstadbrekka*, rute 4.32.